

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

7. søndag i treeningstida – 15. juli 2012

Preiketekst: Luk 19,1-10

Lesetekst I: Ordspr 30, 7-9

Lesetekst II: 1 Tim 6, 17-19

Den gode gjetaren ute i felten

Forteljinga om Jesu møte med tollaren Sakkeus er ei forteljing om korleis Jesus oppsøker eit menneske, og om korleis dette mennesket får livet sitt snudd opp-ned gjennom møtet med Jesus. Det gjennomgåande temaet i tekstane denne søndagen er vårt forhold til rikdom.

Her er nokre trådar til arbeidet med preika:

Geografi

Jeriko ligg i Jordandalen, nær nordenden av Dødehavet. Byen er den lågastliggjande byen i verda (ca 260 meter under havnivået) og blir rekna som den eldste byen i verda. I dag er Jeriko ein palestinsk by på Vestbreidda. Byen er ein oase i ordets rette tyding; den er frodig og grøn med rennande vatn, sjølv om den ligg midt i ørkenen.

Varetransport til Jerusalem frå aust gjekk via Jeriko, og det er dermed naturleg at det var tollstasjon i byen.

Jesus var undervegs til Jerusalem frå Galilea og følgte då Jordandalen ned til Jeriko før ferda gjekk opp i fjella til Jerusalem.

Tollarane

Tollarane arbeidde for romarane og kravde inn avgifter for dei. Dei var uglesett og upopulære både fordi yrket blei forbunde med å uærlegdom (å stikka i eiga lomme) og med samarbeidet med romarane. Tollarane blei sette i bås med andre opplagte syndarar (Luk 18,11). Trass i alt dette var det allereie minst éin tollar i Jesu følgje (Matt 9,9).

Menneskesonen

Jesu ord i vers 9-10 er viktige. Her gir han si tolking av det som har skjedd. Jesus viser at han går inn i ei teneste som Gud sjølv, i følgje Esekiel 34, har; å vera den gode gjetaren som leiter etter dei bortkomne sauene og som kjem med frelsa. I Jeriko ser me den gode gjetaren ute i felten. Forteljinga er ei konkretisering av Jesu ord om at han er den gode gjetaren (Joh 10).

Dersom det er dåp i gudstenesta, kan me gjerne trekkja ei linje frå Jesu ord i v 9 til det som dåpsfamiliane konkret opplever; i dåpen kjem Jesus med frelse til våre hus, - i dag!

Dei bortkomne

Det er lett å tenkja at dette er dei som har eit spesielt vanskeleg liv eller dei som har gjort noko spesielt galt, og dermed blir dette noko som gjeld "dei andre". Kva då med oss sjølve?

Preika

1. Jesus og Sakkeus (for eksempel ut frå disposisjonen: Jesus møter Sakkeus, Sakkeus møter seg sjølv, Sakkeus oppdagar sine medmenneske)
2. Jesus, den gode gjetaren som leitar etter bortkomne og som kjem med frelsa

Arne Berge

Sokneprest i Hinna kyrkjelyd, Ytre Stavanger prosti

Landstyremedlem (2007-2012) og krinsstyremedlem (2012-2015) i Den Norske

Israelsmisjon

berge.arne@gmail.com